

2025-2030

Vedteken i kommunestyret 18.02 2025.

# Kvalitetsplan for oppvekst og kultur



## Innhald

Innleiing .....	3
Bakgrunn og formål .....	3
Mål for arbeidet .....	4
Hovudmål .....	4
Skapa og oppretthalda livsglede og lærelyst som varer heile livet.....	4
Einingar som legg til rette for at born og unge kan utvikla seg.....	5
Levera lovpålagte tenester i tråd med vedtekne økonomiske rammer.....	5
Verdiane .....	5
Grenser + forventningar = god oppvekst .....	6
Grenser .....	6
Forventningar: .....	7
Kombinasjonen av grenser og forventningar .....	7
Likeverdig praksis .....	7
Bli Z – den beste deg .....	9
Kompetanse.....	9



## Innleiing

Kvalitetsplanen skal bidra til god kvalitet i barnehage, skule og kultur i Etne kommune. Born og unge skal oppleva å bli møtt med felles verdiar og haldningars gjennom heile barnehage- og skuleløpet.

Likeverdig praksis er overskrifta for våre pedagogiske tilnærmingar når me førebur og jobba med barn og unge. Det skal vera rom for mangfaldet og me skal arbeida for å leggja til rette for læring for alle i eit trygt og godt læringsmiljø.

Denne planen vil også sei litt om kva samhandlingsverktøy me har og kva kompetanse eininga har og kva kompetanse ein vil trenga dei kommande åra. I tillegg vil planen sei litt om kva me vil samarbeida om for å leggja til rette for at våre born og unge skal få ein god oppvekst.

Kvalitetsplanen vil visa kva prioriteringar kommunen har gjort, og vil vera førande fram mot året 2030. Planen vil vera eit verkty for einingsleiarar og leiargruppa i avdelingane oppvekst og kultur, og fungera som eit grunnlagsdokument med gitte utviklingsområde når ein lagar handlingsplanar i sine einingar. Alle planar blir synleggjort på kommunen sine [heimesider](#).

Det vil vera ei årleg evaluering av planen og ei orientering i kommunestyret.

## Bakgrunn og formål

I [opplæringslova](#) står det i innleiinga:

*Opplæringa skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dørar mot verda og framtida og gi elevane og dei som har lærerid i bedrift, historisk og kulturell innsikt og forankring.*

I formålet med opplæringa for barnehagen ([barnehagelova](#) §1-1) står det i innleiinga:

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.*

Dette viser at både barnehage og skule skal samarbeida med heimen om læring og utvikling. Det handlar om å leggja til rette for innsikt, forankring, læring og danning. Det vil også vera viktig å arbeida saman med andre støtteeiningar slik at me saman med heimane kan bidra med rett hjelp til rett tid.

Born og unge i Etne kommune skal utvikla kunnskap, dugleik og haldningars for å kunna meistra liva sine for å kunna delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.

For at me skal nå målet om at alle skal kunne meistra liva sine, må me alle vera gode rollemodellar, leggja til rette for trygge rammer og god struktur, fremja sjølvstende og ansvar, empati og forståing, ha tydelege forventningar og gi støtte.

## Mål for arbeidet

### Hovudmål

For at det skal skje ei framdrift, ei utvikling eller ei endring, må me setja oss mål. Oppvekst og kultur har laga tre hovudmål for arbeidet. For kvart hovudmål er det laga delmål og indikatorar. Leiinga i dei ulike einingane har ansvar for å leggja til rette for at alle tilsette kjenner til måla og indikatorane og korleis me skal følgja opp desse.

For å spissa fokuset er det laga indikatorar til kvart delmål. Dette er det me vil måla oss sjølv på i tida som kjem.

Skapa og oppretthalda livsglede og lærelyst som varer heile livet

Einingar som legg til rette for at born og unge kan utvikla seg

Berekraftig drift

Skapa og oppretthalda livsglede og lærelyst som varer heile livet

Skapa og oppretthalda livsglede og lærelyst som varer heile livet

Born og unge som er aktive på fritida

- Kor mange born/unge seier dei har venner på fritida?
- Kor mange born/unge seier dei er med på faste fritidsaktivitetar?
- Kor mange nyttar seg av fritidskortet/fritidskassen?
- Talet elevar i kulturskulen

Synleggjera tilbod og tenester

- Tiltak og tenester A-Å på heimesida til kommunen.
- Oppdatering av kultur si heimeside

God bruk av våre tenester

- Statistikk på utlån frå biblioteket.

Skapa gode møteplassar og aktivitetar

- Tal arrangement/aktivitetar for vaksne.
- Tal arrangement/aktivitetar for born og unge.

Einingar som legg til rette for at born og unge kan utvikla seg

Einingar som legg til  
rette for at born og  
unge kan utvikla seg

Samarbeida om grenser og  
forventningar for ein god oppvekst

- Synleggjering av prosjektet «Grenser + forventningar = god oppvekst.
- Eininga legg til rette for dialog og refleksjon i foreldremøta.

Skapa gode opplevingar i eit trygt  
miljø

- Kor stor del av born og unge kjenner seg trygge i lokalmiljøet?
- Avvik i eininga knytt til vald og truslar.

Bli Z i alle einingar som jobbar med  
barn og unge.

- Ressursgrupper etablert og i bruk i eininga

Fagleg og sosial framgang over tid

- Oversikt over kompetanse i einingane og plan for behov.
- Framgang i resultat nasjonale prøvar.
- Reduksjon i tal born og unge med spesialpedagogisk hjelpe.
- Gjennomføring i vidaregåande skule.

Levera lovpålagte tenester i tråd med vedtekne økonomiske rammer

Berekraftig drift

God økonomistyring og  
levering på ramma

- Rapportering kvar månad.
- Levering på ramma.


## Verdiane

Etne kommune har verdiane trygg, raus og engasjert i botn og i desse verdiane ligg det ei felles forståing. Verdiane skal prega møta kommunen har med alle med opplæringstilbod i Etne. Våre haldningar, våre val og våre planar skal ta utgangspunkt i verdiane. Kvar eining skal i sin praksis bruka desse verdiane og gi dei tyngde slik det gir mening for dei i kvardagen.

- Trygg gjennom:
  - å setja grenser
  - å ha tru på kvarandre og det me gjer.
- Raus gjennom:
  - å bry seg, by på seg sjølv og dela.
  - å vera inkluderande, tilgjengeleg og ærleg.
- Engasjert gjennom:
  - deltaking og handling
  - dialog og aktiv lytting.

## Grenser + forventningar = god oppvekst

Kommunen ynskjer å leggja til rette for trygge og gode oppvekstvilkår for alle born og unge, og dette krev eit tett samarbeid og god dialog mellom tenestene og heimane. Modellen under byggjer på verdiane til kommunen, viser eit samarbeid mellom einingane og heimane, med eit mål om eit trygt og godt miljø for alle. Det er valt ut tre fokusområde – ansvar for val, respekt for kvarandre og positiv åtferd.



Born og unge har behov for ein balanse mellom klare rammer og støttande forventningar for å trivast og utvikla seg positivt.

Grenser: Klare og tydelege grenser gir barn ei kjensle av tryggleik og stabilitet. Grenser hjelper born å forstå kva som er akseptabelt og kva som ikkje er det, og gir dei rettleiing i å navigera i sosiale normer og reglar. Grenser bidreg òg til å verna born og unge mot potensielt skadelege situasjonar og lærer dei å ta ansvar for eigne handlingar.

Forventningar: Positive og realistiske forventningar frå vaksne gir born og unge eit rammeverk for kva dei kan streva etter og oppnå. Når forventningane er tydelege, gir det borna ei forståing av kva som er venta av dei i ulike situasjoner. Forventningar kan òg vera motiverande og styrkja barnet si sjølvkjensle og meistringskjensle når dei opplever å møta eller overgå desse forventningane.

Kombinasjonen av grenser og forventningar: Når grenser og forventningar blir kombinert på ein balansert måte, skapar det eit miljø der borna kjenner seg trygge, respekterte og støtta. Grenser utan forventningar kan føra til rigiditet og manglende utvikling, medan forventningar utan grenser kan skapa usikkerheit og kaos. Samla gir dei ein struktur som både tek vare på borna sine behov for tryggleik og sjansen for å veksa og læra.


Denne kombinasjonen er sentral for å fremja ein god oppvekst fordi borna lærer om ansvar, respekt for andre, og korleis dei kan navigera utfordringar i livet. Det skapar eit grunnlag for sunne relasjonar, god sjølvregulering, og ei kjensle av meistring som kan vera avgjerande for den framtidige utviklinga og trivselen deira.

(lenke «Grenser + forventningar = god oppvekst» for vidare forståing)

## Likeverdig praksis

Me skal ha ei tilnærming der alle blir behandla med same verdi og respekt, uavhengig av deira bakgrunn, evner, kjønn, etnisitet, religion, eller andre personlege eigenskapar. Dette betyr å sikra at alle har like sjansar til å delta, bli høyrt, og utvikla seg innanfor ein gitt kontekst, som barnehage, skule, arbeidsplass eller samfunn. Dette krev eit inkluderande fellesskap og tidleg innsats. Kompetansen me har og skal tileigna oss, skal vera den beste for å sikra det tverrfaglege samarbeidet rundt barnet der det pedagogiske og det spesialpedagogiske er fletta saman til det beste for borna.

Nokre av tiltaka vil vera for mange, for nokre og for nokre få, som vist i biletet:



Kjenneteikn på likeverdig praksis inkluderer:

1. Rettferd: Å syta for at ressursane, støtta og sjansane er fordelt på ein måte som tar omsyn til individuelle behov og forskjellar, slik at alle har like moglegheiter for suksess.
2. Ikkje-diskriminering: Unngå forskjellsbehandling og aktivt jobba mot fordommar og systematiske barrierar som kan hindra nokon sin sjanse til å delta eller bli verdsett.
3. Tilpassing og tilrettelegging: Justera praksisar og miljø slik at dei passar for ulike menneske, og å møta kvar og ein der dei er, i staden for å forventa at dei tilpassar seg ei standard norm.
4. Respekt og anerkjenning: Anerkjenna og respektera ulikheiter som ein verdi i seg sjølv, og behandla alle med respekt og forståing for deira unike behov og bidrag.

Målet med likeverdig praksis er å skapa eit miljø der alle opplever at dei har ein rettferdig sjanse og er verdsett som likeverdige medlemmer av fellesskapet ([opplæringslova kap. 11](#))

David Mitchell har ein teori om kva faktorar ein bør ta i vare for å lykkast med å utvikla eit inkluderande læringsmiljø. Desse faktorane består av [10 punkt](#), som vist under. Der er når ein tar i vare alle desse faktorane ein kan lykkast.



## Bli Z – den beste deg




Etne kommune nyttar [Bli Z som samhandlingsmodell](#) for ein betre tverrfagleg innsats. Det handlar om rett hjelp til rett tid. Modellen og strukturen er på plass, men det er folka som vil vera viktige for at samhandlinga skal bli til det beste for våre born og unge.

Ressursgruppa skal vera eininga si ressursgruppe og er ein organisatorisk tilpassing for å ta i vare kompetanseløftet, oppvekstreforma og utviklingsarbeid i einingane.

Ressursgruppa i Etne har følgjande målsettingar:

- Pådrivar for strategisk utvikling med vekt på auke i læringsutbytte for borna.
- Styrka bruva mellom allmennkompetanse og den spesialpedagogiske kompetansen
- Vera drivar i førebyggande arbeid på individ- og gruppenivå.



### Kompetanse

Kompetanse i eininga er viktig for å få ein god kvalitet i arbeidet. I dette ligg både den individuelle og den kollektive læringa for å utvikla eit profesjonsfellesskap for å styrka kompetansen til alle som jobbar med barn og unge.

Einingane skal kvar haust laga ei oversikt, ein status på kva kompetanse ein har i eininga, og kva kompetanse ein vil trenge i tida som kjem. Er det område, fag ein ynskjer å leggja vekt på, skal dette synleggjerast i oversikta. Denne oversikta vil vera ei hjelptilskrift når ein skal ha inn nye tilsette eller ein skal gjera prioriteringar i etter- og vidareutdanning.

Oversikta skal innehalda følgjande punkt:

- status kompetanse
- behov
- prioriteringar

Kompetanse	Behov	Prioriteringar framover

